



Særutskrift

Arkivsak-dok. 22/00516-51
Saksbehandlar Svein Rune Notøy

Særutskrift - Reguleringsplan gang og sykkelveg Smågetoppen - Ny eigengodkjenning

Saksgang	Møtedato	Saknr
Kommunestyret	13.02.2025	PS-5/25

Kommunestyret har behandlet saken i møte 13.02.2025 sak PS-5/25

Møtebehandling

Tilrådinga frå kommunedirektøren

Votering

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedtatt

Kommunestyrets vedtak

Kommunestyret viser til plan- og bygningslova § 12-12, og godkjenner reguleringsplan gang og sykkelveg Smågetoppen, slik det går fram av plankart og føresegner sist revidert 03.02.2025.

Reguleringsplan gang og sykkelveg Smågetoppen - Ny eigengodkjenning

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret viser til plan- og bygningslova § 12-12, og godkjenner reguleringsplan gang og sykkelveg Smågetoppen, slik det går fram av plankart og føresegner sist revidert 03.02.2025.

Bakgrunn

Reguleringsplan gang og sykkelveg Smågetoppen blei vedteken av kommunestyret i møte den 13.04.2023, under sak PS-22/23. Hovudhensikta med reguleringsplanen er å leggje til rette for etablering av gang og sykkelveg med tilhøyrande anlegg langs delar av fylkesveg 531 og 6046 (Smågevegen) på Gossen i Aukra kommune. Særutskrift frå vedtaket i plansaka ligg som vedlegg.

Vedtaket vart kunngjort gjennom brev til berørte partar den 17.04.2023, og som annonse i Romsdal Budstikke den 19.04.2023 i samsvar med krava i plan- og bygningslova § 12-12, fjerde og femte ledd, og forvaltningslova § 27. Vedtaket blei samstundes publisert på kommunen sine heimesider og sosiale media. Klagefrist var i perioden 19.04.2023 – 10.05.2023.

Etter vedtaket mottok kommunen to klager: Frå Andreas Småge datert den 26.04.2023, og frå Stein Arild Småge datert den 27.04.2023.

Klagene var til behandling i ein eigen klagesak i kommunestyret den 14.03.2024, under sak PS-11/24. Kommunestyret vedtok fylgjande:

- Kommunestyret oppheva sitt vedtak i sak PS-22/23, datert 13.04.2023.
- Klagene frå Andreas Småge og Stein Arild Småge vart tekne til fylgje.
- Saka vart sendt tilbake til administrasjonen for naudsynnte endringar i plandokumenta basert på innhaldet i klagene.
- Når naudsynnte endringar er gjort i plandokumenta vert saka sendt på ny høyring til berørte parter, og deretter lagt fram for kommunestyret for nytt vedtak.
- Særutskrift frå vedtaket i klagesaka ligg som vedlegg

Vurdering

Kommunen si planavdeling gjorde endringar i plankart, føresegner og planomtale og sendte endringane på avgrensa høyring til berørte partar i perioda 31.05.2024 – 12.07.2024. Utsendingsbrevet til avgrensa høyring ligg som vedlegg.

Endringane omfatta fylgjande:

- I plankartet vart grøft mellom fylkesveg 6046 og gang og sykkelvegen utvida med 0,5 meter til ei total breidde på 1,5 meter for å unngå krav om autovern. Tilhøyrande tekst i føresegnene og planomtalen vart justert for å samsvare med endringane i plankartet.
- I plankartet vart det tatt inn forslag til nytt kryss mellom dei to eksisterande kryssa ved Smågetoppen i henhald til klaga frå Stein Arild Småge. Etablering av kryssløysinga var avhengig av aksept frå vegeigar Møre og Romsdal fylkeskommune, og av at grunneigarane sjølv kostar etablering av det nye krysset og koblar det til eksisterande tilkomstvegar.
- Dersom krysset vert etablert må dei eksisterande kryssa stengast for biltrafikk, dette vart vist på plankartet med symbolet «vegstenging/fysisk kjøresperre», og vart samstundes tatt inn som eit rekkefølgekrav i føresegnene.
- Traseen på gang- og sykkelvegen vart justert slik at den ikkje kom i konflikt med Andreas Småge sin eigedom på Smågevegen 105, og vart føreslege avslutta parallelt med nytt kryss ved Smågetoppen.

- Det vart etablert kryssingspunkt frå gang- og sykkelvegen og til bebyggelsen på Smågetoppen.

Oppsummering etter avgrensa høyring:

- Den 31.05.20254 mottok kommunen e-post frå Andreas Småge der han uttrykte misnøye med den føreslegne løysinga, ei formell klage på den nye endringa vart mottatt den 26.08.2024, jf. vedlegg (mottatt etter frist etter avtale med kommunen).
- I dialog mellom kommunen og klagar i januar 2025 vart det bestemt at traseen på gang og sykkelvegen skulle utvidast fram til bakketopp slik det var i opprinnleg plankart, og i tillegg ville det verte gjort naudsynte tilpassingar ved eignedomen til Andreas Småge slik at det vert tilstrekkeleg plass til gang og sykkelvegen her. Denne endringa er tatt inn i revidert plankart til ny eigengodkjenning.
- I e-post til kommunen den 21.01.2025 trakk Andreas Småge klaga si til reguleringplanen, jf. vedlegg.
- Møre og Romsdal fylkeskommune aksepterte kommunen sitt forslag til ny kryssløysing slik det gjekk fram av revidert plankart ved avgrensa høyring, men stilte krav om at det vart etablert kryssing over fylkesvegen med ventefelt på begge sider, jf. vedlegg.
- I revidert plankart til ny eigengodkjenning er løysinga som vart krevd av Møre og Romsdal fylkeskommune tatt inn i plankartet slik at denne merknaden no er å sjå på som innfridd.
- Revidert plankart til ny eigengodkjenning blei oversendt til Stein Arild Småge den 31.01.2025.
- I e-post til kommunen den 31.01.2025 trakk Stein Arild Småge si klage til reguleringsplanen, jf. vedlegg.

Konklusjon

- Klagene til Andreas Småge datert den 26.04.2023 og 26.08.2024 er tatt til fylgje og naudsynte endringar er gjort i reviderte plandokument til eigengodkjenning. Klagar har utifrå dette trekt sine klager til reguleringsplanen.
- Klaga til Stein Arild Småge datert den 27.04.2023 er tatt til fylgje og naudsynte endringar er gjort i reviderte plandokument til eigengodkjenning. Klagar har utifrå dette trekt sine klager til reguleringsplanen.
- Merknaden frå Møre og Romsdal fylkeskommune ved avgrensa høyring er tatt til fylgje og naudsynte endringar er gjort i reviderte plandokument til eigengodkjenning slik at merknaden kan sjåast på som innfridd.
- Kommunedirektøren viser til utgreiingane over, og tilrår at kommunestyret eigengodkjenner saka på nytt slik at reguleringsplanen vert rettskraftig.

Administrative konsekvensar

Ingen.

Folkehelsekonsekvensar

Ingen.

Økonomiske konsekvensar

Ingen.

Gerd Nerbø

Teknisk sjef

Gerd Marit Langøy
Kommunedirektør

Særutskrift

Andreas Småge

Stein Arild Småge

Møre og Romsdal fylkeskommune

Vedlegg

Plankart revidert 03.02.2025

Føresegner revidert 03.02.2025

Planomtale revidert 03.02.2025

SAK PS-22/23 (EGENGODKJENNING 13.04.2023)

SAK PS-11/24 (KLAGESAK 14.03.2024)

Avgrensa høyring

Merknad frå MRFK ved avgrensa høyring

Klage på foreslått løysning ved avgrensa høyring

Trekk av klage - Andreas Småge

Trekk av klage - Stein Arild Småge

RETT UTSKRIFT

DATO 14.februar.2025